



Hjarteleg gjensyn med «Ullaholm» for Magnus Tomrén som kan takke Jan Helge Dyngeland og Ullaholm Båtklubb for at båten er restaurert.

Gjenforeina med «Ullaholm»

Olsok kom drivkvote M/S «Ullaholm» glidande på ei stille triumfferd til Haramsøy etter brannen. Tidlegare eigar Magnus Tomren tok imot dei med opne armar

VETERANBÅT. Ungdommane frå Ulstein har brukt år på å restaurere båten etter brannen i 2002 og veit ikkje heilt kva folk der ute på Nordøyane vil seie. No kjem dei altså på Olsok-besøk for fulle flagg. Det er 17 år sidan båten forlet øya sist etter 40 års teneste for folket her.

Frå heimen sin på Austnes ser gamleskipperen Magnus Tomren i kikkerten at «Ullaholm» kjem nordover leia frå byen på leit etter landingsstad. På Ulla er det for grunt. Den tidlegare eigarren overrumplar dei nervøse ungdommane ombord med VHF-en. Den 425 hk Catepillaren kan få dei fort vekk, om det skulle bli nødvendig.

– Ullaholm, Ullaholm, kom inn Ullaholm!
– Ullaholm her!
Dei som har brukt fritida si i



Svenskeskøyta M/S «Ullaholm» ved kai på Austnes på Haramsøy.

tre-fire år på gjenoppbygginga av den 67,6 fots svenskeskøyta i eik frå 1936, svarar på anropet frå gamleskipperen. Sambandet er etablert. Det er ei stille, men nervepirrande triumfferd dei er på. No skal dei til Haramsøy for å få stempelet godkjent.

Attersyn. Tomren treng ikkje seie eitt ord om arbeidet, blank i augene som han blir av attersynet. Entusiastane som fekk båten dettande i fanget, er meir enn velkomne, aksepterte og respekterte. Dei har tatt vare på uvurderleg kulturhistorie og kystkultur.

I to generasjonar var M/S «Ullaholm» arbeidsstad og levemåten for mange på Haramsøy. Ei tid var mannskapet berre frå familien Tomren.

– I dei første åra dreiv vi vintersildfiske med garn og dreiv lina på Island. Senare vart det tråling på Finnmarka og i Barentshavet og seifiske på Eggjakanten, fortel Magnus Tomren.

Han må mange runder rundt på båten som var arbeidsplassen hans i så mange år. Han nikkar gjenkjennande og anerkjennande.

Svenskeskøyta vart bygt i eik i Marstrand nord for Göteborg i 1936, der Kattegat og Skagerak møtest midt på kaia og admiral Tordenskiold gjorde livet uttrygt i hine hårde dage. Etter fadeseen med «Vasa» har svenskane reist seg.

– Det var ein veldig god sjøbåt. Dei låg godt i sjøen, svenskebåtane, seier Tomren.

Tomren kunne med sjølvsyn vitne at einaste kravet for salet til dykkarklubben i 1989 var halde. Båten skal forbli kvit.

Mykje tid. – Vi hadde bestemt

oss for å skrive timane vi brukte, men det gjekk for mykje tid, seier Karl Johan Barstad.

Saman med Tom Henrik Mugggerud, Arnleif Kleven, Bård Emil Ødegård, Kjell Barstad, Torgeir H. Røyseth og Jon Flø sit han i styret for stiftinga som no rår over båten.

– Ein må vere tusenkunstnar og verdsmeistar. Ha tolmod og ikkje sjå mørkt på mørke ting, seier Tom Henrik Mugggerud, PR-sjef for båtklubben.

Historia til M/S «Ullaholm» er eit eventyr. Entusiastar i Ullaholm Båtklubb i Ulsteinvik har skrive det siste kapittelet etter brannen i akterlugaren med påfølgjande sot og røykskader i maskinrom, bysse og styrhus. «Ullaholm» låg ved det gamle ferjeleiet i Ulsteinvik i september 2002, då elden tok laus. Kvifor dei kjøpte båten av If, veit dei knappast i dag, men no er den bevart for ettertida, tusenvis av arbeidstimar seinare. Riksantikvaren verna båten i 1989, då Ulstein og Hareid Dykkerklubb kjøpte den.